

Meldeplikta til legane

Alle legar skal melde frå til Arbeidstilsynet om sjukdom som legen trur kjem av arbeidssituasjonen til pasienten. Meldinga skal skje på skjemaet «Melding om arbeidsrelatert sjukdom eller skade».

Arbeidstilsynet er avhengig av informasjon frå legane for å kunne målrette det førebyggjande arbeidet. Enkeltmeldingar eller fleire likearta meldingar kan føre til at Arbeidstilsynet set i verk tiltak mot farlege produkt, arbeidsprosessar eller utstyr, eller overfor særskilte bransjar. Meldingar om risikoforhold som er lite kjente, blir brukt til å sette i verk kartleggings- og forskingsarbeid.

Både fysiske og psykiske helseplager kan oppstå eller bli forverra av arbeidsmiljøet. Arbeidstilsynet kan følge opp enkeltmeldingar for å førebygge forverring eller nye sjukdomstilfelle, men pasienten må samtykke for at Arbeidstilsynet kan vise til pasienten ved namn.

For meir informasjon om meldeplikta til legane: [Sjå arbeidsmiljølova § 5-3](#)

Når skal legane melde?

Alle sjukdommar som legen trur kjem av arbeidssituasjonen til pasienten, skal ho melde skriftleg til Arbeidstilsynet. Det er legen sjølv som må velje kva for tilfelle som bør meldast. Det er like relevant å melde frå om muskel- og skjelettplager og psykiske plager som det er å melde lungesjukdom eller kreft.

Hensikta er at legar skal melde på mistanke om årsakssamanheng. Meldinga inneber ikkje at det er tatt endeleg stilling til årsakssamanhengen og krev inga fullstendig førehandsutgreiing.

Arbeidstilsynet ønsker også melding om arbeidsrelaterte skadar, men i motsetning til sjukdom, er skadar ikkje meldepliktige etter lova. Dei kan derfor berre meldast dersom pasienten tillet det. Pasienten kan ta med ein kopi av meldeskjemaet for å orientere arbeidsgivaren og bedriftshelsetenesta om helsefarlege forhold i arbeidet eller behov for tilrettelegging.

Arbeidsrelatert sjukdom og skade omfattar langt meir enn kva folketrygdlova og lov om yrkesskadeforsikring godkjenner som «yrkessjukdommar». Dersom det er aktuelt å dekke utgifter til helsetenester for yrkesskadet, kan pasienten gi ein kopi av meldeskjemaet til NAV og arbeidsgivars forsikringsselskap.

Sjå [Yrkesskade og yrkessykdom](#) (nav.no)

Råd til legane

- Husk at du som lege ikkje treng å ta endeleg stilling til årsakssamanheng for å melde om arbeidsrelatert sjukdom.
- Dersom pasienten ønsker at Arbeidstilsynet skal følge opp den konkrete saka, må pasienten samtykke til dette i eigen rubrikk på skjemaet.
- Skader er ikkje meldepliktige etter lova. Pasienten må derfor samtykke til melding om skade i eigen rubrikk på skjemaet.

Meldeskjema

Du kan laste ned meldeskjemaet for arbeidsrelatert sjukdom og skade nedanfor. På baksida av skjemaet står det ei kort, generell orientering om pasientrettar ved arbeidsrelatert sjukdom eller skade.

Dersom meldinga er fullstendig utfylt, får meldaren eit honorar på 150 kroner. Skadar er ikkje omfatta av meldeplikta og blir ikkje honorert.

Last ned ei digital utgåve av skjema

Du finn digital versjon av skjemaet på nynorsk og bokmål her:

Nynorsk - «Melding om arbeidsrelatert sjukdom og skade» - skjema 154c

[Last ned skjemaet \(wordformat, .docm\)](#)

[Last ned skjemaet \(pdf-format, .pdf\)](#)

Dersom du har problem med å laste ned eit skjema, kan du få hjelp frå Signform som har programmert skjema: info@signform.no

Bokmål - «Melding om arbeidsrelatert sykdom og skade» - skjema 154b

[Last ned skjemaet \(word-format, .docm\)](#)

[Last ned skjemaet \(pdf-format, .pdf\)](#)

Dersom du har problem med å laste ned eit skjema, kan du få hjelp frå Signform som har programmert skjema: info@signform.no

Skjemaet omfattar opplysningar om

- pasient
- arbeidsgivar
- yrke
- type sjukdom
- bakgrunn for sjukdommen

Opplysningane blir behandla konfidensielt, og er svært viktige for det førebyggjande arbeidet til Arbeidstilsynet.

Du kan sende inn skjemaet digitalt eller som vanleg brevpost.

Send skjema digitalt

Du sender signert melding til Arbeidstilsynet via [eDialog](#).

[Les meir om korleis du trygt kan sende brev og dokument digitalt.](#)

Send skjemaet som vanleg brevpost

Du sender skjemaet til:

Arbeidstilsynet
Postboks 4720, Torgarden
7468 Trondheim

Om du bruker ferdig frankerte svarconvoluttar frå Arbeidstilsynet, sender du dei til adressa som står på konvolutten.

Bestill papirskjema og konvoluttar

Du kan bestille papirskjema og ferdig frankerte konvoluttar på e-post: post@arbeidstilsynet.no

I e-posten skriv du kor mange skjema du vil ha og om du ønsker skjema på nynorsk eller bokmål.
Legg også ved postadressa di.

Regelverk

[Arbeidsmiljøloven § 5-3 Leges meldeplikt](#)
